



Saksbehandlar: Daniel Gåsemøy Fluge, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 15/8205-50

Overføring av fylkeskommunal lånegaranti for Førdepakken til Ferde AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Sjølvskuldnargarantien gjeve til Førdepakken bomselskap AS i FT-sak 43/13, på samla 600 mill. kr, vert overført til Ferde AS. Garantien gjeld låneopptak til prosjekt i Førdepakken, og varer til 31.12.2027.
2. Garantien skal godkjennast av kommunal- og moderniseringsdepartementet, jf. kommunelova § 51, 1 pkt.

SAKSFRAMSTILLING

I FT-sak 43/13 slutta Sogn og Fjordane fylkeskommune seg til bruk av bompengar til delfinansiering av Førdepakken. Vidare vart det vedteke at fylkeskommunen skulle stille sjølvskuldnargaranti for eit lånepunkt på 600 mill. kr. Garantien har vore gjeldande for Førdepakken bomselskap AS. Per 09.02.18 har fylkeskommunen garantert for faktiske lån på 43,2 mill. kr til utbyggingane i Førdepakken.

Ferde AS (tidlegare Sørvest bomvegselskap AS) er etablert av fylkeskommunane Aust-Agder, Vest-Agder, Rogaland, Sogn og Fjordane og Hordaland i samsvar med Stortinget sitt vedtak om regionale bompengeselskap. Ferde AS har starta innfusjonering av eksisterande bompengeselskap, og kjøpt opp m.a. Førdepakken bomselskap AS.

Ferde AS vert etter fusjoneringa ståande som låntakar i finansieringa av Førdepakken, og fylkeskommunen sin garanti må difor overførast til dette selskapet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) krev at garantistillarane stadfestar at garantien gjeld for det regionale selskapet. KMD skal også godkjenne garantistillinga, og dei har presisert at det må kome tydeleg fram kva garantiar som vert overført, kor stor garantisummen er og kor lenge garantien gjeld.

Etter fylkesrådmannen si vurdering vert ikkje risikoen endra som følgje av at garantien vert overført frå Førdepakken AS til Ferde AS. Opprettning av Ferde AS er langt på veg ei teknisk endring – i samsvar med bompengereforma. Prosjekta som ligg til grunn for selskapet sine lånepunkt er uendra av eigarskiftet, og dette er avgjerande for fylkeskommunen sin garantirisiko.

Fylkesrådmannen tilrår difor at den fylkeskommunale sjølvskuldnargarantien vert overført til Ferde AS, med dei same føresetnadane som vedteke i FT-sak 43/13.